



## ***Shades of Fossegrimen* - eit musikalsk cross-over prosjekt**

### **PROSJEKTOMTALE**

#### Målsetjing:

Våren 2016 vil bandet *Shades of Blues* og Orkesteret Fossegrimen inngå eit samarbeidsprosjekt som skal enda opp med ei konsertframføring på Voss. Målsetjinga er å sameina to ulike musikkuttrykksformer, den som eit pop-band står for og den som eit tradisjonelt symfonisk orkester står for, og såleis syna kva utviklingsmoglegheiter som ligg i eit slikt samarbeid. Dette representerer nye og og spanande utfordringar for begge desse aktørane – og for publikum i regionen. Noko liknande har aldri vore gjort her tidlegare.

#### Medverkande:

*Shades of Blues* er eit pop-band som vart skipa i 1964 og som framleis er aktivt med stort sett dei same musikarane som var med frå starten. To av musikarane her er profesjonelle, ein er frå Lillehammer og ein frå Bergen. To av dei andre musikarane i bandet kjem òg frå Bergen.

Orkesteret Fossegrimen er eit regionalt symfoniorkester med amatørar og yrkesutdana musikarar i ”alle” aldrar. Fast dirigent og musikalsk leiar er fiolinisten Dagfinn Rohde. I orkesteret vil det vera 9 profesjonelle musikarar som orkesteret løner - 3 faste og 6 innleigde (alle tilreisande) - til dette prosjektet.

For meir utfyllande orienteringar om dei medverkande viser vi til vedlagde infoskriv.

#### Repertoire:

- 1) Los Bravos: ”Black is black”;
- 2) Johann Sebastian Bach/Procol Harum: Air / ”A Whiter Shade of Pale”;
- 3) Moody Blues: ”Nights in White Satin”;
- 4) Eddie Floyd: Knock on Wood;
- 5) Beatles: ”I should have known better” (Slam Creepers versjon);
- 6) Fleetwood Mac: ”Need your Love so bad”;
- 7) Rare Bird: ”Sympathy”;
- 8) Beatles: ”All you need is Love”;
- 9) Beatles: Selection for Orchestra (arr. Øivind Westby).

Halldor Krogh, professor i filmmusikk ved Høgskolen i Lillehammer, vil arrangere musikken og tilpassa den til bandet og orkesteret. Han har lang røynsle i dette frå sitt arbeid som musikkprodusent i NRK og samarbeid m. a. med KORK. Nokre av musikkstykka er meint skal ha ein vanskegrad slik at også elevar i kulturskulen kan vera med og spela i orkesteret.

#### Gjennomføring:

Notemateriellet skal vera klart til 1. april. Første prøve med band og orkester er 25.04. i Voss kulturhus, deretter nye prøver her 09.05. og 23.05.. Laurdag 04.06. er generalprøve, og konserten skal haldast i Voss kulturhus søndag 05.06. om kvelden. Fossegrimen sin faste dirigent leier framføringa.

Konserten vil bli kunngjort god tid på førehand gjennom lokalavisa ”Hordaland”, med plakatar, ”flyers” og på ulike andre måtar for å tiltrekka eit stort publikum.

Orkesteret Fossegrimen er arrangør av prosjektet og økonomisk ansvarleg for det.

## SHADES of BLUES

Bandet *Shades of Blues* vart skipa i 1964 av m.a. gymnasiastane Arne Akselberg og Halldor Krogh. *Shades of Blues* var aktive i store delar av 1960-talet, og i tida 1964 til 1972 turnerte bandet rundt på heile Vestlandet og hadde over 400 speleoppdrag. Musikken dei spelte avspegla det populærmusikalske uttrykket i samtidia: frå Shadows, via Beatles, Rolling Stones, Blues, Jimi Hendrix, Led Zeppelin, Yes og Chicago til Blood, Sweat & Tears m.fl. Etter nærmere 20 års kvild oppstod bandet på nytt rundt 1990 med omlag dei same musikarane, og det har vore aktivt sidan då.

Dei som var med frå starten er:

**Halldor Krogh**, gitar, fløyte. Nå professor i filmmusikk og musikkprodusent i NRK.

**Arne Akselberg**, orgel. Nå lydtekniker i Abbey Road, London (Sjå Klassisk Musikk-magasin 4/15 s. 38-39).

**Styrk Opheim**, el-bass. Viktig bidragsytar i det lokale musikkmiljøet på Voss.

**Alse Haaland**, vokal, violin. Medskipar av VossaJazz, no lærar på Askøy.

**Ole Johan Gjøstein**, trommer, gitar. Nå inspektør ved Åsane Videregående skole

**Steinar Røthe**, trommer. Viktig bidragsytar i det lokale musikkmiljøet på Voss.

Fire av dei var elevar på musikklinja ved Voss Gymnas under Rudolf Zwartjes. Tre av dei tok høgare musikkutdanning, og to vart viktige aktørar i det nasjonale og internasjonale musikklivet.

I dag er musikarane i bandet dei same, unntake Arne Akselberg som er erstatta med:

**Lars Hammersland**, orgel, keyboards. Freelance musikar.